

Årsplan for Blåklokka Barnehage



2018 - 2019

INNHALDSLISTE



Innholdsliste	2
Årsplanarbeid	3
Om Blåklokka Barnehage og kontaktinformasjon	4
Personalet	5-6
Visjon	7
Satsingsområde	8-9
Vårt syn på barn	10
Basane/avdelingane	11
Barnehagen, vår felles møteplass	12
Kjøkkenet, hjarta av huset	13
Innhaldet i kvardagen	14-15
Årets hovudtema	16-18
Fagteam	19-21
Vurdering	22-23
Tradisjonar/kultur	24-25
Kart over bygget	26-27
Skule/barnehageruta 2018-2020	28-31

Årsplanarbeid;

Blåklokka utarbeider årsplan og pedagogiske fagplanar årleg. Årsplanen inneheldt generell informasjon som gjeld huset som heilhet, der er mindre endringar frå år til år. Årsplanen er eit arbeidsreiskap som reflekterer barnehagen sin pedagogiske profil. Den dokumenterer våre val av fokus, og viser korleis vi vil arbeide for å omsetje rammeplanen sine retningslinjer til pedagogisk praksis. Det er samarbeidsutvalet, SAU, som fastset årsplanen.

I tillegg til årsplanen er der utarbeidd pedagogiske fagplanar for kvar gruppe, fagplanane tilpassar pedagogisk filosofi, tema og fokus til den enkelte aldersgruppa. Personalet arbeider utifrå fagplanane, desse blir delt med foreldre på foreldremøte og i månedsbrev. I fagplanane vil de finna større variasjon frå år til år i høve til kva personalteam som driver den enkelte gruppa/avdelinga.

Grunnarbeidet for årsplanen blir lagt i perioden mars-juni. Dette betyr at retning kan endrast når vi i august/september lærer barnegruppa å kjenne. Det pedagogane hadde sett for seg i mai, må kanskje leggast heilt vekk for å gje rom for fokus som er tilpassa akkurat ditt barn, og den gruppedynamikken dei står i når september eller januar kjem. Skjer dette, vil personalet bygge opp nye fokus saman med barna.

For å spare på miljø og ressurser, vil vilege årsplanen tilgjengelig som ein link som kan bli lasta opp.

Blåklokka barnehage er ein privat barnehage eigd av den sosiale entreprenøren Blåklokka barnehage AS, som er stifta av Cecilie D. Hella, Kjersti U. Heskestad og Rigmor N. Sletten. Vi heldt til på Holme i Meland kommune.

Blåklokka har ca. 115 barn frå 0-6 år, som går 3-5 dagar i veka. **Opningstida er 06.45-17.00.** Barnehagen var ny i april 2008 og eit påbygg stod ferdig hausten 2012. Her er 4 baser; 2 for småbarn og 2 for store barn. Vi har fellesareal med stort kjøkken, konstruksjonsrom, mediarom, aktivrom og atelier.

Ute har vi store sandkassar, klatrestativ, disse, sykkelbane og hytteby. Det er kort veg til bondegard, tur og skogsområde. Vi har ein stamplass med flott gapahuk, sildrande bekk og grue. Vi har og ein stamplass 50 meter utanfor gjerdet der det er lavvo og spanande leikehøve i ulikt terreng.

TELEFON: 56 17 08 08

Ring nummeret ovanfor og du vil bli vegleia vidare til styrrar eller dei ulike avdelingane;

Toppen-Sol, (5-åringane), Toppen-Måne (4-åringane), Myggen-Knott og Nettving (3-åringane) Myggen-Toving (4-åringane), Røsslyng eller Myrull (1 og 2/3 åringar).

Mobilnummer direkte:

Kontor: 909 76 164

Toppen Sol: 406 36 337

Toppen Måne: 948 20 194

Myggen Toving: 406 12 055

Myggen Nettving: 919 04 185

Myggen Knott: 909 43 213

Røsslyng: 406 12 218

Myrull: 406 12 241

Styrrar: 414 74 410/48141518

E-post: kontor.blaklokka@gmail.com

Heimeside: <http://blaklokka.barnehage.no>

Personalet



Rigmor Sletten
Styrar



Anne Berit H. Larsen
Kontorassistent



Kjersti Heskestad,
Styrk.ped



Torunn Seljelid,
Kjøkkensjef



Sunita Eikeland,
Kjøkken Assistent



MYRULL og RØSSLYNG



Kristi Marie Husebø
Ped.med



Britt Lise Moldrheim,
Ped.



Beathe Andersen,
B&U.Arb.



Trine Ålhus,
Ped.



Jane Hopland,
Ped.




Herborg Fløysand,
Ped.med



Marianne Mo,
Ped. vikar

vikarer



Hanne Glenjen,



Eirik Hella



Merethe Mevatne



Martha Marcelliusen



Kristin Madsen

MYGGEN



Beate Rasmussen,
Ped.



Cecilie Lillemoen,
Ped.med



Marte Larsen,
Ped.med.



Sandra Bruvik,
Ped.



Lene-Therese
Bjtovet, **Ped.**



Christiane Sena,
Ped.med.



Ingrid Stigen,
B&U.Arb.



Judith Odland,
Fagarb.



Mona Walde,
Ped.med.

TOPPEN



Cecilie Hella,
Ped./Styrar



Kristin Fjeldstad,
Ped.



Anne Lene Dale,
B&U.Arb.



May Britt Walde,
Ped.med.



Andreas Larsen,
Ped.med



Weronica Løland,
Fagarb.



Grethe Johannessen,
Ped.med.



Caroline Kaarevik,
Lærling



Christoffer Eide,
Fagarb.



Irene Øvretveit,
Fagarb.



Marita B. Nordås,
Ped.

Vision

BLÅKLOKKA BARNEHAGE - EIN STAD DER BARN OG VAKSNE OPPLEVER SEG SJØLV SOM VERDFULLE.

Blåklokka har som mål å formidla det positive synet på menneske med den kristne trua som grunnlag.

*Vi ynskjer å la barna oppleve at dei er i eit trygt miljø
der dei har høve til å leika og undra seg over kvardagen.*

Dei vaksne ynskjer å møte barnet med respekt, openheit, bevisstheit og engasjement.

Blåklokka er driven etter utvida kristen formålsparagraf;

Vi vil at den utvida kristne formålsparagrafen skal prega alt vi gjer i barnehagen og i relasjonane mellom dei menneske som er her. Vi formidlar eit budskap om Guds omsorg og nærleik til oss, som ein tryggleik og sikkerheit gjennom dagleglivet i barnehagen. Vi ynskjer at barna skal få kjennskap til kven Jesus og Gud er, og kjernepunktta i Bibelen.



Satsingsområde

Kunst og natur er våre satsingsområde. Det betyr at disse to fagområda har egne opplegg og verdier, men og at vi formidlar andre tema gjennom kunst og naturopplevingar.

Kunst og prosjekt

Vi er stolte over å stilla eit stort atelier i andre etasje til barnas disposisjon. Rommet er ope og lyst, med store vindauga mot leikeplassen og skogen. Rommet har ulike områder for materialgrupper som leire, maling, teikning, klipping og liming. Det er ein krok for mjuke materiale som ull, stoff, vatt, garn og streng. Samt ein krok for faste materiale med ulike naturmateriale, isopor, plast, metall og liknande.

Vi ynsker at barna skal få oppleva kunst og kultur, samt sjølv få høve til å uttrykkje seg estetisk. Sjølve rommet skal vera inspirerande både gjennom innreiing, skiftande kunst på veggane og materiell som er synleggjort på ein freistande måte. Det er både barnestyrt og vaksenstyrt aktivitetar. Ein dag jobbar vi med ulike maleteknikkar, ein annan dag vel barnet sjølv kva materiell det vil arbeida med. Uansett vil alltid sjølve prosessen vera viktigare enn resultatet.



Natur og nærmiljø

Naturopplevingar er viktige for oss. Barnehagen ligg i eit område med mykje urørt natur og gammalt kulturlandskap som blir brukt til beite for sau, kyr og hestar. Her blir barna betre kjende med naturen og historia til sitt nærmiljø. Dei lærer om kva som veks og lever her, og korleis naturen skiftar gjennom årstidene. Kjennskap til plantar og dyr, landskap, årstider og vær, fører gjerne til at dei blir glade i naturen og ynskjer å ta vare på den. Barna lærer å ta seg fram i skog og mark - dette gjev motoriske utfordringar og god trening. Vi går ut i (nesten) all slags vær, og ofte lagar vi mat over bålet eller på stormkjøkken.

Vi har i mange år fått lov til å bruka Odd Stokke sitt stølsområde til stamplass for barnehagen sine tur dagar. Her har vi bygd opp ein gapahuk og samlingsplass med benkar og grue.

Vi er også så heldige at vi får disponere Beate Sæle sitt område der stien opp til Stølen går.

Det renn ein liten bekk gjennom området. Her er det kome klatretau mellom trea, bru og rasteplass.

Vi er også takksam til Kjell Stople som lar oss bruke området rundt Bakkely - der vi kan studere villsauene gjennom sesongane.

Landskapet vi bruker er småkuppert og ganske oversiktleg. Det skiftar mellom skog/kratt og open mark-/myr-område. Det tek fem til ti minuttar og gå frå barnehagen til stølen via skogen.

Vi har også laga til ein stamplass med lavvo. Den er det lettare for dei minste å gå til gjennom skogen, og er grei å ha for dei dagane vi ønsker å halde oss nær barnehagen. Vi går også på tur andre stader i nærområdet som for eksempel Hoplandsfjellet, Hjertåsfjellet, Holsberget, Brakstadjellet, Tveita-nipa, 100-meter-skogen ved Vestbygd skule og Holmeknappen.



Vårt syn på barn

Vi veit at barn er fulle av kompetanse. Dei har sine egne idear og tankar om korleis verda rundt dei fungerer. Barna lærer av oss, vi lærer av barna - og vi lærer saman med barna. Gjennom eit spanande miljø med ulike opplevingar håper me å lokka fram lysta til å leike, samt lysta til å utforska og lære.

Den vaksne må då møta det enkelte barn med interesse og nærleik. Vi må kunna setje grenser for barnet si åtferd, då grenser og rammer er ein føresetnad for tryggleik. Tryggleik er igjen grunnlaget for at barna skal føla seg frie til å leike og vera kreative. Gjennom å lytte aktivt og spørje spørsmål håper vi på å bidra til å setje i gang barna sine tankeprosessar. Vi gjer barna høve til å gje uttrykk for det dei reflekterer over gjennom leik, kommunikasjon, bevegelse og kunst. Det meiner vi fører til at barna vil utvikle sin tillit til egne tankar, idear og løysingar.

Barn er omsorgsfulle, kompetente og hjelpsame mot kvarandre!



Basane/avdelingane våre

Vi har delt barnegruppa og personalgruppa inn i ei avdeling for småbarn og ei avdeling for store barn. Kvar avdeling er så delt opp i to basar. Myrull og Røsslyng har dei minste barna, og Myggen og Toppen er base for dei eldste barna. Begge avdelingane disponerer fellesrom som kjøkkenet, forskingsrommet, atelieret, mediarommet og aktivrommet.

På alle basane legg vi vekt på leik og samvær med andre barn, meistring, læring gjennom leik og sosialt samspill i trygge omgjevnader. Barna skal få oppleva med alle sine sansar, vera undrande og utforskande, nysgjerrige og leikande saman med dei vaksne. Dei ulike basane gir ulike utfordringar: Motoriske utfordringar, sanseopplevingar og varierte leike moglegheiter.

Romma er opne og lyse med friske detaljar. Det fysiske miljøet vert endra etter sesong, særskilde prosjekt, og ellers når barn og personalet treng ein forandring.

MYRULL er i år ei av to småbarnsbasar. Her er det barn i alderen 1-2 år. Oransje er Myrull sin farge.

RØSSLYNG er og ei base for småbarn. Her finn vi dei eldste av 1 og 2/2,5-åringane. Begge basane har 16-18 barn. Møblane er i barnehøgde slik at barna kan sjå og observera andre barns leik og kommunisera med kvarandre. Røsslyng sin farge er grøn.

MYGGEN er ei av dei to basene for store barn. Her er det 36 barn i alderen 3-4 år. Barna fødd i 2015 er delt inn i gruppene [Nettvinge](#) på 12 barn og [Knott](#) med 13 barn. [Toving-gruppa](#) blir 13 barn, dei er eldst på Myggen, og har tur og aktivitetar saman med Måne-barna. Myggen sin farge er blå.

TOPPEN er basen for dei største barna og heldt til i andre etasje. Her er barna 4-5 år. Det er 32 førskulebarn; Sol, som blir delt i to grupper; Solsikke og Soleie. Det er 13 4-åringar; Måne, som har base på måneromet. Dei 3 gruppene veksler på å vera inne og ute i løpet av dagen, og gjera ulike aktivitetar. Toppen sin farge er gul.

Barnehagen; vår felles møteplass i nærmiljøet

Klokka 06:45 opnar barnehagen. Alle kjem inn gjennom sine egne garderober og heng frå seg ytterkle der. Vidare går barnet inn til eit fellesområde der barna er samla i ei gruppe fram til klokka 07.30-08.00. Då opnar vi basane slik at barna kan spre seg på ulike rom. Slik vert det ikkje for uroleg i allromma.

På fellesområdet er det mange ulike aktivitetar å gjera om du er 1 eller 5 år. Vi varierer kva leiker som er tilgjengeleg i løpet av året. Kanskje vi kan drøyme oss vekk i kosekroken med ei god bok, eller bygge eit stort skip..? Høyres ikkje det kjekt ut så kan vi rusle inn på kjøkkenet; her kan vi prate, høyre på musikk eller ha ulike bordaktivitetar som modellkitt, teikning og spel.

Klokka 08.00 startar frukosten der alle nyter den medbragte matpakka si på kjøkkenet eller på si avdeling. Dei som kjem under frukosten må bli følgt inn på kjøkkenet eller til avdelinga si, då barn og vaksne er der.

Vårt mål er at denne tida på morgonen skal gje rom for aktivitet og utfordring for dei som ønskjer det, og ro for dei som ønskjer det.

Barna heldt til i ulike rom med egne dagsrytmar og aktivitetar utover dagen heilt fram til klokka er 15.00. Då begynner vi å rydde eit rom om gangen alt etter kor mange barn som er til stades.

Når de hentar barnet dykkar må de sei i frå til ein av personalet slik at vi får kryssa dei av i e-barnehage.

Kjøkkenet - hjarta av huset

Vi har eit romsleg kjøkken med kjøkkensjef i ca. 90 % stilling. Her førebur ho varmrettar 3 gongar for veka. Måndag er grautdag, torsdag er det middag og på fredagar serveres det ei suppe/omelett. Tysdag og onsdag er det smøremåltid for kvar base med variasjon av brød og pålegg. Kvar ettermiddag blir det laga til inviterande fat med frukt, med knekkebrød til dei som treng det, og yoghurt for dei som har det med heime frå. Til frukten et borna og resten av matpakkene sine frå frukosten, om dei ynskjer det.

Når barna har gebursdag bestiller dei fruktsalat eller smoothie som dei nyter til fruktmåltidet.

Vi er ingen sukkerfri barnehage, men vi vel å bruke variasjonar og sunn fornuft når vi lager menyen. Vi koser oss gjerne med vaflar, bollar eller kakao i ny og ne - det er ingenting som lukter og smakar betre på ein grå ettermiddag!

Om barn har allergi eller diabetes, tilpasser vi maten etter opplæring frå foreldre og helseinnsansar.

På kjøkkenet er det moglegheiter til å bake og lage mat som ein del av det pedagogiske opplegget - noko som blir flittig brukt av avdelingane. For eksempel rundstykker til heile barnehagens suppedag på fredager. Mat i månedens farge! Eller grønnsaker og andre ting som blir førebudd ein dag, for å bli tatt med på tur dagen etter.



Innhaldet i kvardagen

I Blåklukka skjer det stadig noko – ein dag er sjeldan lik den neste. Personalet må kvar dag vera klar til å møte barna i høve til deira dagsform. Vi arbeider heile tida med det faglege innhaldet, både i planlagde situasjonar og gjennom meir spontane situasjonar i løpet av dagen.

Mål: - Arbeide i former som passar til barna sin alder og modning.

- Ha faste rutinar slik at barnehagedagen vert forutsigbar for barna.
- La barna få oppleve ein grunnleggjande tryggleik i møte med det kristne innhaldet.
- Gje barna gode og verdfulle opplevingar.
- Leggja til rette eit miljø med utfordringar som igjen gjev barnet ei kjensle av meistring.


Hugs at innspel og tilbakemeldingar frå dykk som foreldre er viktig for at opplegget skal tilpassast ditt barn og 'vår' barnegruppe.



Korleis vi arbeider:

Barna sine opplevingar er bygd på barnehageloven; *Rammeplan for barnehagar*. Så organiserer dei ulike personalteama formidlinga gjennom prosjekt med basis i det kristne verdigrunnlaget, med stor vekt på kunst og natur.

Våre prosjekt har følgjande struktur:



Gjennom samlingar, dialog, observasjon i samarbeid med barna, og foreldre, går vi inn i prosjekt og aktivitetar. Avhengig av modningsnivå hjå barna på avdelinga er nokre aktivitetar initiert av personale - andre av barna.

Gjennom desse aktivitetane lærer barna å bruke teknikkar for å få fram uttrykk som viser deira refleksjon rundt tema, og elles det dei har undra seg på og arbeidd vidare med. Slik kan dei påverka sin eigen kvardag, læra seg å reflektera over moglegheiter, ta val, og sjå konsekvensar og samanhengar.

Hovudtema: Bærekraftig utvikling

For å ha eit felles utgangspunkt har vi eit hovudtema som ligg som ein raud tråd gjennom aktivitetar og det fysiske rom inne og ute i løpet av året. Vi har funne at bærekraftig utvikling er ei utømmeleg tema, der fokus endrar seg frå år til år.

Bærekraftig utvikling handlar om at **det vi gjer i dag skal møte våre behov, utan at det vil øydelegge for framtidige generasjonar sin moglegheit til å møte sine behov.**

Årets fokus er innafor sosial bærekraft; Trygg i møte med framtida. Livsmestring.

«21th century learning»:

Suksess for barn-studentar I framtida, vil ikkje nødvendigvis vera målt etter prøve- resultat eller mastergrader. Tvert imot så kan dei bli målt etter korleis dei handterer realiteten av verden slik den er når dei skal inn i den.» Micheal Fullan

Om dei lukkast er avhengig av deira evne til å vera kreative, innovative og strategiske. Dei må kunne definere og løyse utfordringar, improvisera. Dei må vera komfortable med å samarbeide og jobbe i team på tvers av kulturelle, etniske og religiøse forskjellar.

Barnehage og skule må fortsatt forsikre seg om at barna får faglig kunnskap. Men fokus må vera større opp mot å få fram dei eigenskapane som skal til for å ta del i og lukkas i ei verd prega av press og individualisering, ei verd som er i konstant, uforutsigbar endring.

”in a world where you can be anything; BE KIND”

Kva er slik basiskunnskap;

- mot – raushet – motstandsdyktighet/robusthet – improvisasjon – samarbeid – undring/forskning – innovasjon -

Basiskompetanse: Dei 6 c-ane	i følge rammeplanen:	
COMMUNICATION/ KOMMUNIKASJON	kommunikasjon,språk og tekst - Uttrykke kjensler, tankar, meiningar, skape relasjonar	
CRITICAL THINKING/ KRITISK TENKING , OPPDAGE, UNDRER SEG, REFLEKTERE, FINNE MØNSTER, SAMANHENGAR	realfaga, Natur,miljø og teknologi Mengd, rom og form.	
CITIZENSHIP/ MEDBORGERSKAP / KULTUR, EG ER EIN DEL AV NOKO STØRRE	etikk,religion og filosofi, Nærmiljø og samfunn	
CREATIVITY/ KREATIVITET FANTASI	kunst, kultur og kreativitet	
CHARACTER/ DANNING LEIK/UTDANNING	RP, s. 20,21, fremje leik, meningsfulle opplevsar, Støtte identitetsutvikling	
COOPERATION/ SAMARBEID	sosial kompetanse	

Barnehagen er den arenaen som har jobba på denne måten allereie, med pedagogiske filosofier som «reggio emilia» og «mange intelligensar». Der vi undrar oss saman i staden for å gi ferdige svar, der grupper av barn jobbar saman, der dei må lytte til kvarandre, tåle at ikkje alle er einige, men at det er greitt å inngå kompromiss for å løyse ei utfordring.

Eit godt fundament, er noko barna kan glede seg over i øyeblikket, ta med seg vidare,
og støtte og kvile seg på det når dei møter ukjente ting.

Barna trenger å vera robuste nok til å seia nei, og til å kunne få nei. Stå ved, det som er rett og gale.

I barnehagen krev det eit særskild bevisst personale, som kan skape trygge relasjonar og gode rammer. Dette innebærer ;

- å organisere ein forutsigbar kvardag.
- Faste, gjenkjennelege rutiner som barna blir deltagarar av/innvolvert i, ikkje berre blir fortalt.
- Dei vaksne må vera tydelege rollemodellar i kvardagen på alle nivå; når vi forklarar kvifor vi hjelper å rydde eller å sette på bordet, når vi tar del i oppgava, utan å gjere oppgåva for barnet, når vi lar barna gjennomfører ei oppgåve på ein måte dei mestrer.

Vårt mål er at det skal bli ein heilt naturleg handling å hjelpe kvarandre for å få noko til. Vi må alle dra lasset saman, ut i frå den enkelte sitt mestringsnivå.

På småbarn krever dette den vakne vaksne som ser verdien av dei små ting, juble over dei og bygge på dei. Lytte, sjå, inspirere til kommunikasjon. Vera den trygge, kloke, som føl barna sine behov om muleg, men tar leiinga om nødvendig. (*Circle of security prinsipp*)


På store barn er eit eksempel på dette arbeid med prosjekt på Toppen. Der barna vel ei felles interesse-gruppe dei vil jobbe med, t.d. ei framføring, der dei innhentar informasjon dei vil basere aktiviteten på. Dei utarbeider koreografi, lager kostymer, støtter og lærer av kvarandre, ser at det er greitt å vera ueinige, men kan framleis finna løysingar. Dei jobber saman, og heier kvarandre fram.

Proessen dei går gjennom gje dei erfaringar med realkompetanse, bygger sosialkompetanse, utfordrer motet til å stå fram på ein scene, viser dei at dei er strålande i seg sjølv, samtidig som ein del av ein heilhet. Det gje dei opplevingar og erfaring med å bruke alle sansane.

Temaet går også rett inn i Meland kommune sitt satsingsområde: **Trygt og godt oppvekstmiljø i Meland**. Der barnehage, skule og frivillige arbeider for å sikre nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering, og trakassering. Vi i barnehagen har også med dette tema særskild fokus på inkluderande lærings- og leikemiljø.

Fagteam

Dei siste 7 åra har vi i Blåklukka jobba med eit utviklingsarbeid for å sikre implementering av rammeplanens fagområde i det daglege arbeidet med barna. Eit av tiltaka har vore å ha utepedagog og kunstpedagog tilsett i tillegg til basepedagogane. Desse arbeider med barna i mindre grupper, der dei fordjupar seg i sine fagfelt saman med barna. Dialogen, trivselen og det faglege utbyttet barna får i desse gruppene er så tydeleg at vi har utvikla filosofien vidare. Vi har delt det faglege innhaldet i **fem fagteam** der dei ulike prosjekt og tema kjem til uttrykk i samlingar og aktivitetar.

Rammeplanens fagområde:	Barnehagens samlingar og aktivitetar:
Kommunikasjon, språk og tekst 	Småbarn: språksamling, begrepskasse. Store barn: Språksprell og førskule.
Nærmiljø og samfunn Natur, miljø og teknikk Kropp, rørsle, mat og helse 	Naturfag, turar, bruk og bli kjent i ulikt terreng og i nærmiljøet.
Antall, rom og form Natur, miljø og teknikk 	Konstruksjon, teknikk og forskning.
Kunst, kultur og kreativitet 	Vi veksler mellom å bruke atelier og aktivrom for å skape rom for inntrykk og uttrykk.
Etikk, religion og filosofi 	Hjerte og bibelsamlingar.

Den enkelte i personalet på kvar base spesialiserer seg på sitt fagteam. På denne måten veit vi at alle rammeplanens fagområde er inkludert i tema, prosjekt og aktivitetar. Inkludert i desse finn ein også realfaga.

Den enkelte vaksne vil ha periodar med meir og mindre ansvar i løpet av året.

På denne måten blir enkeltbarnet betre sett og lytta til. Det gjer betre grunnlag for læring, og gjev eit miljø for å skape gode relasjonar.



HJERTE, BIBEL OG DRAMA

Hovudmål:

Bibelsamlingar -> Å formidla eit bodskap om Guds omsorg og nærleik til oss. Me ønskjer at barna skal få kjennskap til kven Gud og Jesus er, og kjernepunkta i Bibelen.

Hjertesamlingar -> Vi ønskjer at barna skal kunne bli kjent med og uttrykkje egne følelsar. Trygge nok til å sjå eigen verdi. Men også at dei klarer å sjå at dei er ein del av eit fellesskap, der vi skal gleda oss over kvarandre, og støtta kvarandre i kvardagen.




KUNST OG PROSJEKT

Hovudmål:

Gi barna skaparglede og moglegheit til å utforske og meistre på deira nivå.

Liten avdeling -> Bli kjend med dei ulike fargane gjennom leik, utforsking og tilføyning av nye artefaktar.


Stor avdeling -> Bli inspirert, føla meistring og møta utfordringar der vaksne støttar og inspirerer til eit kreativt miljø.



KONSTRUKSJON, FORSKING OG TEKNIKK

Hovudmål:

Skal bidra til at barna får leike og undra seg over korleis ting er sett saman, forska på ulike materiale og bruka tekniske hjelpemiddel til å finna ut av verda rundt seg. Dette skal bidra til at barna får gode erfaringar i deira bruk av fantasi, kreativitet, nysgjerrigheit og skaparglede.




NATUR OG NÆRMILJØ

Hovudmål:

Gjennom aktivitetar og turar skal barna få kjennskap til, erfaring med - og forståelse for naturens kretsløp, naturens årstider og korleis me tar vare på den. Me ønskjer å gi barna varierte motoriske utfordringar i naturterrenget.

- Kjent med uteleikeplassen og nærmiljøet.
- Motoriske utfordringar.
- Utforska naturen.
- Naturglede.







KULTUR OG MEDIA



Hovudmål:

Barna trenger mange forskjellige verktøy for å bearbeida og kommunisera inntrykka sine, å la dei koma til uttrykk gjennom skapande verksemd. Ved bruken av musikk, språk, drama, litteratur og digitale verktøy for å utvide og utdype barnas erfaringar og læring, ønskjer vi å bidra til at barna kan forholde seg nysgjerrige og kritiske til det som formidlast gjennom mediebildet.

I følge Rammeplanen, skal vi visa korleis vi arbeider med fagområda i høve til alder, vi må heile tida tenkje at der skal vera utvikling frå år til år.

Progresjonskjema for fagteam

	Myrull/Røsslyng 1-2,5 år	Myggen 3-4 år	Toppen 4-6 år
<p>Etikk, religion og filosofi Hjerte samlinger</p> 	<p>Kunne identifisere dei mest vanlege kjenslene: redd, glad, sint og overraska - gjennom forteljingar, dramatisering, bøker.</p>	<p>Bli kjende med eigne og andre sine kjensler. Steg for steg, korleis vi er med kvarandre. Bøker, bilete, song.</p>	<p>Vi brukar episodar frå kvardagen og bøker og reflekterer rundt desse. Korleis gje uttrykk for ulike kjensler. Bøker med dette tema. Drama. Songar.</p>
<p>Bibel- Forteljing</p> 	<p>Presenterer enkle forteljingar frå GT/NT. Frå GT før jul og NT etter jul. Barna vert kjende med Bibelen og Gud/Jesus gjennom figurer, flanellograf, songar, drama og bøker.</p>	<p>Bli kjende med Gud og Bibelen. Forteljingar frå NT/GT, formidla gjennom bøker, flanellograf, vandringar/drama, teikning/måling, song og musikk.</p>	<p>I Bibelsamlingar markerer vi merkedagar. Om hausten er det til dømes Mikkelmesse/hausttakkefest, Frans av Assisis dag, FN-dagen o.l. Etter jul er det om Jesus og Jesus liv vi har om i samlingane våre. Drama, vandringar, flanellograf, songar.</p>
<p>Nærmiljø og samfunn Natur, miljø og teknikk Kropp, rørsle, helse</p> 	<p>Bli kjende i barnehagens nærmiljø. Grovmotorisk trening, opplevinga av å ete og lage mat ute. Bevisst endringar i naturen/ulike årstider.</p>	<p>Å bli kjende i nærmiljøet. Årstid i fokus: samling, utforsking, mat, dyr og lydar, fargar, motorikk.</p>	<p>Gjennom turer i nærmiljøet: få kjennskap til, erfaring med, og forståelse for naturens kretsløp, naturens ulike årstider og miljøvern. Fokus på respekt for alt som lever i naturen.</p>
<p>Kunst, kultur og kreativitet</p> 	<p>Skapa god atmosfære, god tid, til å leike og bli kjend med ulikt to- og tredimensjonalt material til forming som ikkje stiller krav til nøyaktighet. Legga opp til aktivitetar der barna får brukt heile kroppen og</p>	<p>Innfører meire tredimensjonalt materiale, og brukar meir materiell som gjev høve til meir detaljerte oppgåver (for dei barna som begynner å uttrykkja seg figurativt og er opptatt av detaljar) Barna har fridom til å gjera sine eigne val til aktivitet og utforming, og tida på</p>	<p>-Å fabulera rundt aktivitetane vi heldt på med, rosa og oppfordra barnet til å prøva ut nye ting, slik at det ikkje stiller for høge krav til seg sjølv. Øva på å sjå detaljar, form og fargar.</p>

<p>Alle har egne formingsaktiviteter til høgtidene. Denne er tilpassa alder og skal gje mest mulig rom for individuell fridom.</p>	<p>mange sansar, samt spanande materiell som inspirerer til utprøving. Prøva ut enkle teknikkar og reiskapar.</p>	<p>atelieret vil veksla mellom dette og læring av nye teknikkar og kjennskap med nytt materiell.</p>	<p>Viktig å kunna halda pensel/blyanten rett. Nytt materiell som gjer det freistande å prøva. Vi bruker bøker, internett mm for å innhenta fakta barnet treng når det arbeider. Viktig å kunna kontrollera saks.</p>
<p>Kommunikasjon, språk og tekst</p> 	<p>Få kjennskap til ulike digitale verktøy, og kva dei kan brukast til. Få kjennskap til ulike musikalske inntrykk og uttrykk ved hjelp av instrument og andre hjelpemiddel. Utforske språket gjennom leik, språktrening, eventyr/forteljingar og ulike medier.</p>	<p>Vi brukar musikk, litteratur og digitale verktøy som ein kilde til leik, kommunikasjon og innhenting av kunnskap. Vi vil dei skal ta i bruk sin kreativitet, nysgjerrigheit og lysten på å lære meir. Sist men ikkje minst å meistre det å måtte vente på tur, hjelpe og dele med kvarandre.</p>	<p>Vi brukar musikk, litteratur og digitale verktøy som ein kilde til leik, kommunikasjon og innhenting av kunnskap. Vi vil dei skal ta i bruk sin kreativitet, nysgjerrigheit og lysten på å lære meir. Sist men ikkje minst å meistre det å måtte vente på tur, hjelpe og dele med kvarandre.</p>
<p>Antall, rom og form Natur, miljø og teknikk</p> 	<p>Få erfaringar med konstruksjon og teknikk, samt få eksperimentere med sansane; lukt, smak, hørsel og syn. Bli kjent med og undre seg over vatn/is, matlaging. Matematikk i alt vi gjer.</p>	<p>Ta i bruk kjøkkenet og naturen til å eksperimentera og forska på/i. Bli kjent med ulikt måleverktøy. Ta utgangspunkt i kriterier, men sjå det i forhold til barnets nivå. Bevisstgjerjing av matematikk aktivitetar.</p>	<p>Bli kjent med ulikt måleverktøy og kva det kan brukast til. Bruka ulike teknikkar under dei forskjellige temaene. Sjå på konstruksjon i bakverk, bygningar, i naturen osv. Bevisstgjerjing av matematikk i alt vi gjer.</p>

Kvar base og gruppe har egne fagplanar over innhald i kvardagen, samlingar og aktivitetar. Ynskjer du meir detaljert informasjon, spør på di base. Elles kjem det informasjon på foreldremøtet om hausten og kvar månad i månadsbrevet.

Vurdering

Kontinuerleg vurderer personalet arbeidet, relasjonane og det fysiske rom. Dette gjer vi gjennom observasjonar, dialog med barn, foreldre og personale. På denne måten prøver vi å ta tak i ting etter kvart og endre praksis til det beste for barna. Kvar avdeling vel område dei har særskild fokus på gjennom året. Desse fokusområda er vald ut etter observasjonar gjort åra før. Kvar kan vi forbetre og utvikle oss?

Følgjande mål er sett for barnehageåret 2018/2019:

Den som gjer vurderinga:	Kva vi vurderer:	Type vurdering:	Gjennomføring, tidsperspektiv:
Myrull	<ol style="list-style-type: none"> 1. Fagleg vurdering, fokus på minst 3 samlingstypar, aktivitetar. 2. Annakvar månad observasjon av kvardagsaktivitetar og leik (ute/inne). 3. Ser og på korleis barna leikar/samhandlar med kvarandre. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Observasjon av samlingar, samtale på avdelingsmøte, progresjonsrapport samla av pedagog. 2. Praksisforteljingar gjort av heile personalet. 3. Alle med skjema, fylles ut kvart halvår, personale og foreldre bidrar. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Oppsummering levert til styrar/vurderingspermen den 15. i kvar månad. Styrar gjer tilbakemelding, oppmuntrar og gjer råd. 2. Praksisforteljingane vert gjort gjennom heile året. Justeringar av praksis blir gjort etter kvart som der er behov. 3. Oppsummering vert sendt styrar innan utgongen av april.
Røsslyng	Aktivitetar. <ul style="list-style-type: none"> - Tilvenning - Rutinar - Fagteam - Møter - HMS - Ute/Innetid - Voksen rolla - Årstema 	<ul style="list-style-type: none"> - Observasjonar. - Drøfting på avdelingsmøtet i slutten av månaden. - Alle har ansvar for å vurdere sine aktivitetar - Alle med skjema kvart halvår før foreldresamtalar. 	<ul style="list-style-type: none"> - Vurderingsskjema blir fylt ut i fellesskap ein gang for månaden. - Dokumentere eventuelle endringar av praksis. - Oppsummering levert jamleg til styrar. - Styrar gjer tilbakemelding, oppmuntrar og gjer råd.

Myggen	<ul style="list-style-type: none"> - Fagleg vurdering. - Rutine situasjonar. - Barn og vaksne i leik. Kva får vi til, kva må jobbast meir med? 	<ul style="list-style-type: none"> - Observasjon av samlingar, tilbakemeldingar frå andre på avdelingsmøta. Sjå eigen plan over desse møta. - Kvardagserfaringar. - Munnlege praksisforteljingar. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Oppsummering levert til styrar/vurderingspermen den 15. i kvar måned. Styrar gjer tilbakemelding, oppmuntrar og gjer råd. 2. Praksisforteljingane vert gjort gjennom heile året. Justeringar av praksis blir gjort etter kvart som praksis som vi ønskjer endra blir oppdaga. Oppsummering vert sendt til styrar/vurderingsperm innan utgangen av april.
Toppen	<p>Vurdering:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fagleg vurdering - Rutine/rom: <ul style="list-style-type: none"> • Påkledning • Måltider • Romfordeling - Barn og vaksne i leik. Kva får vi til, kva må jobbast meir med? 	<ul style="list-style-type: none"> - Observasjonar av samlingar. - Fulle ut vurderingsskjema av dei ulike punkta på siste avdelingsmøte kvar måned. - Observasjonar av barn og vaksne i leik. 	<ul style="list-style-type: none"> - Oppsummering levert til styrar innan den 15. i kvar måned. Styrar gjer tilbakemelding, oppmuntrar og gjer råd. - Justeringar av praksis blir gjort etter kvart som det er nødvendig. - Halvårsvurdering i desember/januar og i mai.
Foreldre	<ol style="list-style-type: none"> 1. Få tilbakemelding frå foreldre om barnas trivsel, barnehagens innhald, organisering av barnehagen. 2. Utveksle informasjon med foreldre om enkeltbarnas trivsel og utvikling. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Dagleg dialog. 2. Foreldrevurderings skjema. 3. Foreldrekonferansar. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Gjennomført rundt vårens foreldremøte. Utdelt til dei som er på møtet. HMS ansvarleg går gjennom resultata, skriv rapport, vi gjennomfører endringar av praksis om aktuelt. 2. Utført to gonger for året. Fleire samtaler blir gjennomført om det er ønske om dette.
Personalet som heilhet	<p>Få tilbakemelding/utveksle meiningar om organisering, fagleg innhald, leiing av barnehagen.</p>	<p>Generell vurdering av barnehagen.</p>	<p>Gjennomført av personalet og leiinga i løpet av april/mai. Vi gjennomfører endringar av praksis om aktuelt.</p>

Tradisjonar: kultur i Blåklokka Barnehage

Bursdagsfeiring: Bursdagsbarnet blir satt ekstra i fokus denne dagen, der er variasjonar frå base til base; Innhald kan vera bursdagssamling, krone, kappe, bursdagssang og val av gåve frå bursdagsbomma. Det heile blir dokumentert og sett i permen eller hengt opp på avdelinga. Denne dagen kosar me oss med noko ekstra til frukten.

'Barn hjelper barn' aksjon: Oktober månad er sett av til barn hjelper barn aksjonen. I denne tida blir temasamlingar og prosjekt aktivitetar brukt til utvikla forståing for ulike tradisjonar og levesett, viktigheten av menneskerettane og barnekonvensjonen. Dette temaet ender i ein innsamlingsaksjon med foreldrekafe rundt den 24. oktober. I 2018 går inntekta til den lokale organisasjonen Betel fjernadopsjon sitt prosjekt i India. Inntekta vil gå uavkorta til blant anna eit internat for barn der dei tilbyr mat og skuleundervisning. I forkant av aksjonen har Blåklokka-barna lært litt om India sin kultur. Dei har laga kunstverk, safta og sylta bær som dei vil selje på aksjonsdagen.

Nærmiljøkafe: Vi meiner det er viktig at barnehagen blir ein møteplass i kvardagen. Mange av våre familiar som er tilknytt barnehagen er nyleg flytta til Meland, då er det viktig for dei å bli kjent med andre familiar og folk frå nærområdet. Ca. ein gong kvart halvår vil vi difor invitere til kafe i barnehagen, der vi lagar tradisjonsrik mat. Dette skal vera ein stad der folk kjem, et eit godt måltid til ein rimeleg penge, pratar med andre, og går når dei treng det. Kvardagen er travel☺

17.mai feiring: Barnehagen har fana som skal vere med i toget. Toget startar frå Vestbygd Skule, og barn og foreldre kan komme inn i toget langs vegen, då går ein inn bak fana til barnehagen. Blåklokka Barnehage går rett bak musikklaget, før første klasse. Førskulebarna bærer snorene til fana. Foreldrerepresentantane er ansvarlege for å hente fana i barnehagen og ta den med tilbake.

Overgang barnehage - skule: Solbarna på Toppen vil være saman som gruppe kvar dag. Fagteam og aktivitetar vil bli lagt til rette for at dei skal få øve seg på å bli sjølvstendige, ha omsorg for kvarandre, og særskild arbeide med begrep, tal og bokstavar. Ut på våren blir det fadderprogram med Vestbygd skule. Då samlast alle førskulebarna (også dei førskulebarna som går i andre barnehagar), som skal til Vestbygd, saman med 3.klasse, og har ein bli kjent dag i Blåklokka. Nokre veker seinare vert det ny samling der 3. klasse viser førskulebarna rundt på skulen.

Interne overgangar: I løpet av heile året samarbeider gruppene på tvers av huset. Særskild på morgon og ettermiddag er barna saman på tvers av alder. Dette gjer at barna kjenner dei vaksne som arbeider med dei andre aldersgruppene. Vi deler også på roma våre, når ei gruppe er på tur, så kan ei anna gruppe leike i deira rom og få utforska deira leikar. Slik blir barna kjent på tvers av huset gradvis. Om våren legg vi også opp til besøk og leik på den avdelingen barna skal flytte til. For å trygge overgangen ekstra, føl det med ein vaksen frå den «gamle» avdelinga når hausten begynner.

Trygt og godt oppvekstmiljø i Meland: I Blåklokka skal alle barna føle seg betydningsfulle for fellesskapet, og å være i positivt samspel med andre barn og vaksne. Vi skal hjelpe barna slik at dei får leike med andre, oppleve vennskap og lære seg korleis vi skal behalde venner. Saman med barna skal vi lage trivselsreglar for gruppa vår. Øve oss på å løyse konflikhtar, sette egne grenser og respektere andre sine grenser. Vi skal førebyggje, stoppe og følgje opp utestenging, mobbing og uheldige samspillsmønstre.

Vi skal oppfordre barna til å hjelpe kvarandre, trøyste kvarandre og samarbeide.

Vi skal rett og slett lære oss å fungere saman som ei gruppe, der alle er like viktige! Dette vil vi ha fokus på når situasjonen oppstår og i våre bibel- og hjartesamlingar. For at dette skal gjennomførast treng vi spille på lag med foreldre, og foreldre treng å spele på lag med kvarandre. Eit godt utgangspunkt vil være å ta det opp på foreldremøtet og lage felles retningslinjer.

Barnehagen har rutiner for kvar veke å ta pulsen på miljøet i gruppene i barnehagen. Eventuelle utfordringar blir tatt tak i der det skjer, eller løfta opp til neste nivå. Vi har heile tida høve til å spørje om fagleg støtte frå kommunen sitt team med Anette Hesjedal som kontaktperson.

I samsvar med *Rammeplanen 2017*.

Praksisbarnehage med mange studentar; Vi er så heldig at vi er ein praksisbarnehage, det vil sei at i løpet av barnehageåret vil de komme innom ulike studentar frå NLA høgskulen, frå dei vidaregåande skulane i Hordaland, og frå ungdomskulane i kommunen. Vi finn det lærerikt å få inn studentar som kan sjå på vår barnehagepraksis med nye auge. Dei lærer av oss, og vi lærer av dei. Vi må heile tida vera klar for å svara på spørsmål om kvifor vi gjer det vi gjer. Vi synest også det er viktig å gje den neste generasjonen moglegheit til å få praksis dei kan ta med seg inn i framtida.

ICDP: Blåklokka er sertifisert i foreldrevegleiings programmet *ICDP*. Program for foreldrevegleiing er eit tilbod for alle foreldre som har barn i alderen 0-18 år. Her møtast vi over 8 kveldar for å utveksla erfaringar rundt tema om godt samspel mellom vaksne og barn. Om vi ikkje er mange nok til å starte ei gruppe i Blåklokka, er der moglegheit til å ta del i grupper som Helsestasjonen iverksetter. Ta kontakt om dette kan vera av interesse for dykk.

Veke 27 og 30 er sommerklubb veker

VEKE 28 OG 29 ER FELLES FERIE

NYT FERIE 😊

